



Høyringsbrev gebyrforskrift for Voss Herad

Voss kommune legg fram forslag til endring av gebyrforskrift for kommunane Voss og Granvin herad til offentlig høyring jf. Forvaltningsloven § 37.

Vedtaket vart behandla i fellesnemda 13.09.2019.

Bakgrunn

Voss kommune og Granvin herad skal samanslåast til ein kommune (Voss herad) ved årsskiftet 01.01.2020. Forslag til gebyrforskrift med vedlegg vert lagt ut til offentlig ettersyn 17.09.2019. Forskriften er ei vidareføring av gebyrforskrift for Voss Kommune, med mindre tilpassingar. Granvin herad har ikkje hatt eige forskrift for gebyr, men kun gebyrregulativ. Den nye forskrifta er endra for å bli tilpassa kommunane i det nye heradet.

Det vert etablert eit gebyrområde for heile Voss herad, det vil seie at prisen for vatn og avløp er den same uavhengig av kvar ein bur i heradet.

Konsekvensar

Gebyra skal gjenspegle dei ulike brukarane sitt kostnadsnivå på best mogleg og rettviss måte.

Hovudnæringa i forskrifta inneber at det er:

- Etablert ny struktur for betalingssatsar.
- Er føretatt justering av tilknytingsavgift (eingongsgebyr), med ny stuktur.
- Er føretatt justering av stipulert forbruk mot reelt forbruk.
- Er føretatt justering i fastledd for fritidsbustadar.



Voss herad

Høyringsfrist

Eventuelle merknadar til forslaget må sendast skriftleg innan den 31.10.2019 til Voss kommune, postboks 145,5701 Voss, eller på e-post : postmottak@voss.herad.no

Dokument i saka er utlagt i Servicetorget, Tinghuset, Voss, og er tilgjengeleg på Voss herad sine heimesider; <https://vossherad.no/>

Vert kunngjort i Avisa-Hordaland.

Vedlegg

- 01-Forskrift om vatn- og avløpsgebyr
- 02-Grunnlag for gebyrfastsetjing
- 03-Forslag til gebyrsatsar
- 04-Samanstilling gebyrsatar
- 05-Kommentar til høyringsbrev
- 06-Saksframlegg